

Nyperose (*Rosa canina*) (*R. villosa*, *R. Dumalis*, *R. afzelina*)

Nyperose vart mykje brukt til leik før



1. Grein med blom. 2: Lengdesnitt av blom utan kronblad. 3: Nype.
4: Frøstein. 5: Lengdesnitt av frøsteinen.

BLOMSTERSTOKK

Kapp av ei grein med torner, og tre ein fin blom på kvar torne.
Den blir kjempefin til å pynte med!

KLØPULVER

Du treng ikkje kjøpe kløpulver i butikken. Når nypene er komne, kan du ta ut dei hårete steinane inni. Gjett om dei klør!

Det er 8 artar med villroser i Noreg. Nyper inneheld masse c-vitamin.

GÅTE: *Kva har svart hatt, raud stakk, står på trebein, er full av småstein?*

MAT

Om våren åt barna dei raude skota på busken. Dei kalla det *laks*, *klungerfisk* eller *lakris*.

Om hausten åt dei nypene – dei er spesielt gode etter at dei er blitt mjuke.

Finn du noko å eta?

HALSBAND

Nypene kan også brukast til halsband. Tre dei på ei snor!